



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Plan- og samfunnsavdelinga

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 13/1769-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

19056/13

Dykkar ref.

NVE 200801334-17, 200904547-13

Dato

LEIKANGER, 06.06. 2013

Til
NVE
Postboks 5091, Maj. 0301 Oslo
nve@nve.no
biwi@nve.no
dkj@nve.no

Høyringsuttale til søknad om løyve til å bygge Høgelida kraftverk i Vågsøy og Vanylven kommunar

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 05.06. 2013 som sak 52/13 og det vart gjort slikt vedtak.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Høgelida kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding

Mottakar (ar)



Saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding.

Høyringsuttale til søknad om løyve til å bygge Høgelida kraftverk i Vågsøy og Vanylven kommunar

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Høgelida kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.

Vedlegg:

1. Brev frå NVE 25.02. 2013.
2. Orientering til høyringspartane (frå NVE, revidert februar 2013)
3. Oversiktskart, utbyggingsprosjekt i Vanylven og Vågsøy (NVE)
4. Uttale frå Vågsøy kommune, planutvalet 13.05. 2013, sak 39/13.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Konsesjonssøknad for utbygging av Brekkefossen kraftverk 19.02. 2013.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Frå NVE har fylkeskommunen fått oversendt til uttale søknad om løyve til å bygge Høgelida kraftverk i Movasselve i Vågsøy og Vanylven kommunar. Kraftverket er planlagt med inntak på kote 340 like nedstrøms Movatnet som ligg i Vanylven kommune. Kraftstasjon er planlagt med utløp på kote 135 ved Haugvatnet ved fylkesveg 61 like sør for fylkesgrensa. Tilløpsrøret vil bli 1600 meter langt og skal gravast ned langs sørsida til elva. Til inntaket må det byggast 400-500 ny anleggsveg som forlenging av eksisterande traktorveg. Installert effekt er planlagt med 1,3 MW og venta kraftproduksjon er 5,4 GWh. Det er foreslått å sleppe ei minstevasføring frå inntaket på 90 l/sek heile året. Det er søkt om 60 cm regulering for Movatnet. Dette er innfor naturleg variasjon for vasstanden. Tiltakshavar er Høgelida kraft AS som er eit selskap eigd av fallrettseigarane.

Vågsøy kommune meiner at det bør gjevast løyve, men tek samtidig atterhald for at den samla utbyggingspåvirkinga ikkje vert for stor i Bryggja-området og at kulturmiljø og mogelege anlegg med bevaringsverdi må vurderast betre. Aktuelle vilkår for konsesjon er m.a. at anleggstiltak ikkje må komme nærare elva enn 15-50 meter, at det skal takast omsyn til støls- og hytteområde, at brukara til Movassbrua skal haldast inntakt, at det skal sleppast minstevasføring tilsvarande alminneleg lågvassføring m.m.

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Høgelida kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.

2. Bakgrunn

Love/reglar/føresegner

- Lov om vassdrag og grunnvatn av 24. november 2000 nr. 82 – Vassressurslova (løyve til å bygge inntakskonstruksjon, vassveg i fjell, kraftstasjon, avløp frå kraftstasjonen)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100.
- Oreigningslova av 23. oktober 1959 nr. 3

- Forureiningslova av 13. mars 1981 (gjennomføring av tiltaket)
- Energilova av 29. juni 1990, nr. 50 (løyve til bygging og drift av elektriske anlegg)
- Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50

Samla plan for vassdrag

Movasselva er ikkje omtalt i Samla plan.

Kommunale planar

I arealdelen i kommuneplanen for Vågsøy er tiltaksområdet lagt ut som LNF-område.

Fylkesdelplan for arealbruk

Tiltaksområdet er ikkje sett av til spesielle formål.

Utkast til regional plan om vasskraftutbygging

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging vart vedteken i fylkestinget i des. 2012. I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket. Fjordlandskapet dekkjer ikkje det aktuelle tiltaksområdet. I delområde Davik-Nordfjordeid er det markert 8 fossar/stryk som er viktige landskapselement. Movasselva er ikkje mellom desse.

Vassforskrifta


Vassdraget ligg i Nordfjord vassområde i vassregion Sogn og Fjordane. Planprogrammet for området er godkjent og omtalar arbeidet og planprosessen fram mot godkjent forvaltningsplan for vassregionen i 2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

3. Tiltaksområdet og det planlagde tiltaket

Søknaden er ein del av ei «pakke» med i alt seks vasskraftprosjekt der fem ligg i Vanylven, Møre og Romsdal og eitt i Vågsøy/Vanylven. NVE har innført ein ny generell praksis som går ut på at aktuelle søknader vert sendt ut til høyringspartane i grupper, vanlegvis etter geografisk plassering. Formålet med dette er å effektivisere sakshandsaminga, samtidig som høyringspartane og NVE kan sjå søknadene i samanheng.

Det meste av tiltaksområdet ligg i Vågsøy, medan nedbørsfeltet i hovudsak ligg i Vanylven kommune. Movasselva renn frå Movatnet med jamt fall utan større markerte fossar ned mot Haugvatnet (kote 131) og vidare til Navevatnet (kote 126) og til Maurstad der den renn ut i Nordfjorden. Frå Bryggja går FV 61 langs Navevatnet og Haugvatnet, kryssar Movasselva og går vidare nordover til Åheim. Frå fylkesvegen går det ein dal opp til Movatnet, der elva i lange parti har greve seg ned i lausmassar og dannar eit gjel der den er lite synleg. Andre stader er terrenget meir ope og elva er synleg. I dalen er det opparbeidd bil/traktorveg forbi stølen Høgelida og nokre hytter i same området. Veggen endar i dag 400-500 meter frå Movatnet. Det er planlagt å forlenge veggen opp til inntaket. Movatnet har vore oppdemt tidlegare og vatnet vart nytta til ei kvern lenger nede i bygda.

Inntaket til kraftverket er planlagt ca. 50 meter nedanfor Movatnet. Inntakskonstruksjonen vil ligge i Vanylven, medan rørgata og kraftstasjonen vil ligge i Vågsøy kommune.



Klipp frå oversiktskart i grenseområdet mellom Vågsøy og Vanylven. Grøn strek er planlagt rørgate og grøn firkant er planlagt kraftverk. Svarte firkantar er utbygde kraftverk. Raud firkant er prosjekt der det er gitt konsesjon.

Hovuddata for tiltaket:

Tilsig	Hovudalternativ. 60 cm regulering	Sekundært alt. Utan regulering
Nedbørsfelt	5,43 km ²	
Middelvassføring ved inntaket	480 l/sek.	
Alminneleg lågvassføring ved inntaket	90 l/sek.	
Fem-persentil* sommar (mai-sept.)	76 l/sek.	
Fem-persentil* vinter	110 l/sek.	
Kraftverk		
Inntak	340 moh.	
Avløp	135 moh.	
Brutto fallhøgde	205 moh.	
Slukeevne, maks	750 l/sek.	
Slukeevne, min	75 l/sek.	
Installert effekt, maks	1,3 MW	
Planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket, heile året	90 l/sek.	
Bruktid	4520 timar	3800 timar
Magasin		
HRV og LRV	340,3 og 339,7	
Produksjon		
Årleg middel	5,4 GWh	4,5 GWh
Økonomi		
Utbyggingskostnad	14 mill. kr.	
Utbyggingspris	2,60 kr/kWh	3,10 kr/kWh

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Inntaket skal byggast like nedanfor utløpsosen. Det skal støypast ei 8-10 meter lang demning med høgde 3-4 meter. Overløp med breidde 5 meter i høgde med lågvasstanden i Movatnet, vil bli plassert midt på demninga. På begge sider av overløpet vil det bli laga spor for eit bjelkestengsel i høgde 60 cm over lågvasstanden til vatnet. Vatnet vil bli regulert 60 cm som vil gje eit magasin-

volum på 0,8 mill. m³. Det er vurdert eit alternativ der Movatnet ikkje vert utnytta som magasin. Dette gjev om lag 20 % mindre kraftproduksjon med same terrenginngrep og same utbyggingskostnad. Utbyggingsprisen vert litt høgare.



Plass for dam, ca. 30 meter nedanfor ei gangbru over elva.

Rørgata vil gå sør for elva og vil gå nær eller krysse den noverande traktorvegen. Rørgata vil passere støls-/hytteområdet ved Høgelida. Eksisterande traktorveg er planlagt forlenga 400-500 meter opp til inntaket..

Stasjonsbygning med grunnflate 70 m² er planlagt ca. 50 meter aust for FV 61 der det er opparbeidd avkøyrsløp og veg. Bygningen vil bli omkransa av skog og vil bli lite synleg frå fylkesvegen. Avløpet frå stasjonen skal gå i ein kort kanal til elva. Bygningen er planlagt i stadeigen stil, og skal byggast i betong og tre. Taktekking med torv. Kraftverket skal knytast til eksisterande 22 kV kraftlinje via ein 500 meter lang jordkabel.



Foto mot fylkesvegen. Stasjonsområdet er planlagt til høgre i bildet.

4. Vurdering og konsekvensar

Saksopplysningane nedanfor er henta frå søknaden, kap. 3 om verknader for miljø, naturressursar og samfunn. På oppdrag frå søkjaren har Bioereg AS i 2009 lagt fram ein rapport om verknader av utbygginga på biologisk mangfald.

Akvatisk miljø

Movatnet har ein bestand av aure og småvaksen røye. Tidvis slepper nokre av desse seg ned Movasselve. Dette vil ikkje bli hindra. Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skade på reproduksjonen eller tilveksten av denne fisken i vatnet. I elva mellom inntak og stasjon vil bestanden truleg gå litt tilbake, tilpassa næringstilgangen og tilgjengeleg reviområde, men den vil ikkje bli borte. Frå stasjonen og vidare nedover i elva vil ikkje fisken bli negativt råka då tiltaket vil fungere som eit elvekraftverk. På denne strekninga er det i tillegg to vatn med gode oppvekstforhold, mest truleg overbefolka med småvaksen aure. Med mulig unnatak av elva mellom inntak og stasjon kan vi ikkje sjå at ferskvassbiologien blir påverka. På den råka elvestrekninga må ein pårekne at livet må tilpasse seg den reduserte vassføringa. Vi er ikkje kjende med funn av sjeldne organismar i det råka området.

Landskap

Tiltaket har ikkje eit slikt omfang at det vil påverke landskapet. Tiltaksområdet er i hovudsak dekkja med lausmasser der det er naturlege buskar og tre og planta granskog i sterk vekst. Området, som tidlegare var stølsmark, er i ferd med å gro igjen heilt mot høgfjellet på grunn av redusert beitepress. Om få år vil dalen framstå som ein skogsdal. Såra etter anleggsarbeidet i terrenget vil etter få år naturleg gro igjen og bli likt områda rundt. Det visuelle synet frå Høgelida og hyttene i området etter utbygging blir lite endra. Frå Rv 61 er den råka delen av elva, og rørgatetraseen ikkje synleg.

Ferskvassressursar.

Tiltaket vil ikkje medføre endra vasskvalitet. I byggeperioden vil det i korte periodar kunne oppstå at vatnet vert farga av slam frå gravearbeid. Hovudsakeleg i tørkeperiodar førekjem det at stølsbus og hytter i Høgelida hentar vatn frå elva. Restvass- og minstevassføringa vil vere meir enn stor nok til å dekke dette. På den råka elvestrekninga mellom inntak og stasjon, kan vi ikkje sjå der er resipientinteresser som vert negativt råka. Heller ikkje i Movatnet kan det bli endring av forholda knytt til vasskvalitet, vassforsyning eller resipientforhold.

Kulturminne.

Det er ingen kjende freda kulturminne i tiltaksområdet.

Brukarinteresser

Det er bygt bil-/traktorveg gjennom størstedelen av utbyggingsområdet, mest fram til Movatnet. Området er såleis påverka av moderne infrastruktur. Denne vegen vil bli brukt til anleggsveg og i tilsynet av anlegget. Den blir også brukt som tilkomst til stølen i Høgelida og dei nyare hyttene i området. I tillegg blir vegen nytta av dei som går til fjells eller over til andre dalar i dette området. Utanom i den korte anleggsperioden, ca. 12 mnd., vil kraftanlegget ikkje vere til hinder for anna bruk. På den andre sida vil kraftverket kunne føre til betre vedlikehald og stell av vegen

Samla vurdering

Tiltaket vert samla sett vurdert til å ha ein liten negativ konsekvens.

Avbøtande tiltak

Ei minstevassføring på 90 l/s er i følge biologisk mangfaldsrapporten tilstrekkelig til å oppretthalde det biologiske mangfaldet og allmenne interesser i vassdraget. Då det er liten skilnad mellom sommar og vinter 5- persentil, søker vi om ein snittverdi mellom dei to som minstevassføring heile året.

5. Andre sitt syn på saka

Vågsøy kommune, planutvalet 13.05.2013, sak 39/13.

Med atterhald om at den samla belastninga for Bryggjaområdet ikkje vert for høg tilsvar Vågsøy kommune at NVE gir løyve til konsesjon for Høgelida kraftverk as etter at det er teke omsyn til tilleggsutgreiningar. Løyve til konsesjonen bør vere på vilkår som vist i saksutgreininga.

I saksutgreiinga er det m.a. sagt dette:

I søknaden er omsynet til kulturminne dårleg dokumentert. Det bør gå fram kva alder bygg og seteranlegg har. Anleggstraseen/kabeltraseen går tett inntil eit eldre seterhusmiljø og verknaden bør gå fram av søknaden. På oversiktskartet er bygga teke ut av kartet slik at det ikkje går fram i kva grad det er nærføring. Av kartet kan det sjå ut som at traseen er inn på område avsett til hytter i kommuneplanen. Ved utløpet av Movatnet er det ei bru. Brukara er murt og alder går ikkje fram av søknaden. Kulturverdien av denne brua er ikkje omtalt, men det er tilrådd å utvide brua ved å fjerne eit brukar. Omfanget av massetaka er ikkje skildra i søknaden,

Behov for tilleggsutgreiing:

1. Vurdering av samla verknader for Bryggjaområdet ved utbygging av ei ny elv
2. Kulturmiljø og moglege anlegg med bevaringsverdi må leggjast til grunn for vurdering av konsesjon og krav til vilkår

Viktige vilkår for konsesjon:

1. Anleggstraseen/kabeltraseen må ta omsyn til elva og det vassdragsnære vegetasjonsbeltet. Tiltak bør ikkje gjerast nærare enn 15-30 meter
2. Anleggstraseen/kabeltraseen må ta omsyn til støls/hytteområder
3. Tilplanting og tilsåing av anleggstraseen/kabeltraseen må ikkje skje med framandt plantemateriale
4. Minstevassføring som tilsvarar alminneleg lågvassføring i elva
5. Brukara til Movassbrua bør haldast intakt
6. Predatorsikre hekkedasser for fossefall bør etablerast i tråd med tilråding gitt i rapport frå Bioreg AS 2009:14
7. Tiltaksperioden bør leggjast utanom hekketida for storlom då denne hekkar nær inntaksområdet og kan verta uroa av den aktiviteten som slikt arbeid medfører

6. Fylkesrådmannen si vurdering - fordelar og ulemper - avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter knytt til ein energiproduksjon på 5,4 GWh/år. Utbyggingsprisen er middels og det bør vere grunnlag for å vente at kraftverket vil bidra til lokale nærings- og skatteinntekter. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og friluftsliv i samband med bygging av inntaksdam, legging av rørgate, bygging av kraftstasjon og redusert vassføring i elva.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap og friluftsliv

Søkjaren foreslår å sleppe ei mistevassføring på 90 liter/sek heile året. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til dette.

Kulturminne

Det føreligg ikkje oversikt om automatisk freda kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltak i samband med utbyggingsplanen. Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. Lov om kulturminne § 9, må gjennomførast.

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Brua over elva og spor etter tidlegare demning ved Movatnet, er eksempel i den samanheng. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. Røyrkata er planlagt i vegen like opp til stølshusa i Høgelida. I gamle stølsområde er det ofte murar og andre strukturar etter tidlegare aktivitet. Under anleggsarbeidet må det ikkje gjerast skade på denne typen kulturminne. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar, massetak og riggområde etter at anlegget er fullført. Dei planlagde massetaka må setjast i stand og dekkast til som ein del av anlegget.

Sumverknader

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at vil oppstå problem for eit større område på grunn av utbygging av Høgelida kraftverk.

7. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Høgelida kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.